HJELMELAND KOMMUNE

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/2189-2

Saksbehandlar: Svanhild Hjorteland Gbada

Saka si behandling

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Areal- og forvaltningsutvalet
		Formannskapet
		Kommunestyret

Kommuneplanen sin arealdel - 1.gongsbehandling - Supplerande sak

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune legg **supplerande del (del 2)** av planforslag **Kommuneplanen sin arealdel 2027-2038** ut til offentleg ettersyn slik utheva/markert i planskildring og tekstdel og vist i plankart . Dette gjeld for følgjande tema:

Formål: Kap. 3 Samferdsel og teknisk infrastruktur og Kap 6 sjø/vassdrag
Omsynssoner: Kap. 7.3 faresoner, kap 7.4 sone med særleg krav til infrastruktur, kap 7.5.3 sone grøntstruktur, kap 7.5.4 sone bevaring naturmiljø og kap 7.5.5 sone bevaring kulturmiljø
Linjer: Kap. 8 : Føresegner som linjer og kap. 9 Samferdsel/infrastruktur som linjer

Med dette tillegget blir samla planframlegg (del 1 og supplerande del 2) til ny arealdel lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg

1 Tekstdel2_Forslag til 1.gongs_okt26_suplerande del
2 Planskildring2_Kommuneplanen sin arealdel_supplerande del

3 7_Tema_Omsynssoner

4 3_Tema_Samferdsel

Samandrag

Denne saka er ei direkte oppfølging/tillegg til tidlegare oppmeldt sak om **Kommuneplanen sin arealdel, 1.gongsbehandling**. Denne saka supplerer planforslaget med dei tema som ikkje var klar ved første oppmelding. Desse tema er nå gjennomgått, og både **plankart, føresegner og planskildring er supplert**, slik at planforslaget nå er komplett.

Det er utarbeidd nye notat fordei tema som ikkje var belyst/vurdert i første omgang. Desse ligg som vedlegg til saka:

- 3_Tema_Samferdsel

-7_Tema_ Omsynssoner

Det er ikkje gjort store vesentlege grep eller endringar sidan første sak. Første sak inneheldt jo alle utbyggingsformål, og nå blir planen supplert med samferdselsformål og formål i sjø + omsynssoner og juridiske linjer. Sjå oversikt under for endringar og tillegg, samt forklaring i planskildring og tilhøyrande notat for det enkelte tema.

Kommunedirektøren har med dette tillegget nå eit komplett planforslag klar, og ei tilråding om at dette forslaget blir lagt ut på høyring.

Partar i saka:

I kommuneplanen sin arealdel er det ingen direkte partar.

Fakta

Viser til første sak. Der er det forklart kva kommuneplanen sin arealdel er, grov prosesskildring, kva planen inneheld, metodikk for utarbeiding, info om planvask og temanotat

Sjølve planforslaget er:

1) **Plankart**: link til plankart i nettportalen Kommunekart eller gå inn via kommunen si nettide og klikk på «kart». Linjer og omsynssoner slås på ute i høgremenyen i portalen

2) **Tekstdel med føresegner**: sjå vedlegg, endringar/tillegg markert med raud tekst

3 **Planskildring** : sjå vedlegg, endringar/tillegg markert med raud tekst

Følgjande tema/kapittel er nå supplert :

Kap 3 Arealbruksformål Samferdsel og teknisk infrastruktur

Viser her til vedlagd notat **4_Tema_Samferdsel**, med vurderingar av innkomne innspel og kommunen sine eigne innspel, samt planvask av formål i gjeldande plan. Notatet inneheld vurderingar både til vegar, g/s-vegar, p-plassar og moglege framtidige riksvegtrasear. Det er ikkje gjort så store endringar; noko er tatt ut og noko lagt til, og det er òg «rydda» litt i planoppsettet, slik at dei ulike tiltaka blir plassert rett i forhold til teiknereglande. Betyr at nå er det berre p-plasser som visast som formål i kap 3.1, medan g/s-vegar visast som linjer jf kap 9.2, og framtidig riksvegtrasear som omsynssoner infrastruktur jf kap 7.4. Lista over p-plasser i kap 3.1 inneheld 10 p-plasser, men flesteparten av desse er eksisterande plasser.

Kap 6 Område for bruk og vern av sjø og vassdrag

I første planforslag var det kun fiske og akvakultur-område som var klar. Fiskeområda er vidareført omtrent som før, med unntak av at gyteområda er endra til omsynssone naturmiljø. Det er rydda og korrigert litt, og det er lagt inn nokre fleire føresegner, slik at sjø-tema nå skal vere komplett. Drikkevatn på land kjem nå inn under dette formålet.

Kap 7 . Omsynssoner:

Dette er eit stort kapittel, med fleire ulike soner. Omsynssoner i arealdelen viser område der det må takast særlege omsyn ved planlegging og utbygging. Dei kjem i tillegg til arealformåla

(og kan gjerne gå på tvers av desse) og fortel kva forhold som må vurderast eller takast vare på. Omsynssoner blir vist i plankartet med eigne skravurar i raudt eller svart, og kan ha tilhøyrande føresegner eller retningslinjer.

Døme på omsynssoner i planframlegget:

Faresoner: skredfare, flaumfare, høgspent og skytebane

Sikringssoner: drikkevatn.

Infrastruktursoner: i vår plan er dette moglege framtidige riksvegtrasear.

Sone med særlege omsyn td til mineralressurs, naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv.

Bandleggingssoner: område som er bandlagde etter anna lovverk som td naturresrvater(naturmangfaldlova) eller automatisk freda kulturminne (kulturminnelova)

Kort sagt: Arealformålet viser kva eit område kan brukast til, medan omsynssona viser kva ein må ta særleg omsyn til når området skal planleggjast eller byggjast ut.
Heimelen for omsynssone er plan- og bygningslova § 11-8.

Notat 7_Tema_Omsynssoner gir ei nærare forklaring for desse sonene, og kva dei enkelte betyr og kva ein tilrår brukt i planen. Mange av omsynssonene er som før, eller med lite endringar. Men der det er gjort særskild endringar, er dette omtalt i notatet som td på omsynssone naturmiljø (der det er gjort store endringar pga nye kartleggingar/metodikk, forklart i notatet) og omsynssone bevaring kulturmiljø (der td overornda planar får påverknad for våre soner).

Kap. 8 Føresegner som linjer

Dette gjeld byggegrenser frå sjø som er lagt inn i plankartet som «forbodgrense sjø». Regelverket er slik at det må vere byggegrenser frå sjø i plan for at byggforbodet ikkje skal gjelde; så sjølv om arealet er regulert til byggeformål må det vere ei juridisk linje for at utbygging skal vere tillate. Der er det gjort eit supplement i forhold til gjeldande plan, td i regulerte byggeområder som manglar denne grensa.

Kap. 9 Samferdsel/infrastruktur som linjer

Som forklart for kap 3 Samferdsel ovanfor, så er noko innan samferdselstema vist som formål, noko som omsynssoner og noko som juridiske linjer. Det er nå rydda litt i dette tema i forhold til gjeldande plan, slik at alt blir rett plassert i forhold til teiknereglane.

Det som nå kjem inn under juridiske samferdselslinjer er:

- **Eksisterande riksvegar, fylkesvegar, kommunale vegar og private tilkomstvegar**. Desse blir vist med svart strek i ulik strektjukkelse i plankartet, liste i kap 9.1

-**Framtidige tilkomstvegar**: det er inne to framtidige strekningar i gjeldande plan; begge i Årdal. Framtidig trasè Melevegen-Kyrkjevegen er i nytt forslag tilrådd tatt ut. Forslag til ny tilkomstveg til eksisterande bustadfelt Melslia er tatt ut som linje, men «bakt inn» i krav om felles reguleringsplan for nytt bustadfelt i Melslia.

- **Framtidige g/s-vegar**: stipla linjer i plankartet. Einaste ny strekning som er lagt inn er langs fylkesveg i Vadla (mellom butikken og kryss Melandsmoen). Elles har ein oppretthalde dei g/s-veg strekningane som er inne i gjeldande plan i tilknytning til tettstadane Hjelmeland, Fister og Årdal, langsmed riksvegar og fylkesvegar. Ein del av strekningane er utfordrande og inngripande å få realisert, men likevel viktig å signalisere at ein ønskjer å binde desse busetnadsområda betre/tryggare saman. Viser til oversikt og retningslinjer i kap 9.2.

-**Framtidige turvegar**: raude linjer i plankartet. Her er det skild på hovudturvegar (turistforenings-løypenettet) og lokale turvegar med retningslinjer. Også desse er lagt grovt inn som eit grunnlag for vidare planlegging og evt realisering. Det er ulike grader av opparbeiding knytt til desse. Sjå retningslinjer og tabell kap 9.3.

Andre korrigeringar og tillegg:

LNF: det er lagt inn matrikkel-liste over eksisterande bustad-og fritidsbustad-eigedommar som er kopla til føresegnene § 40 og 41. Dette er eigentleg ikkje noko nytt, men ny måte å gjere det på då den føresegna som er i gjeldande plan (utan opplisting av aktuelle eigedommar) ikkje er ein gyldig måte å gjere det på.

- LNF spreidd næringsbebyggelse: lista og plankartet er supplert med turistforeningshyttene, både dei eksisterande som skal oppretthaldast, og dei to nye (som følgje av omlegging rutenett, og til erstatning av tre hytter som blir nedlagd). Hyttene til fjellstyret som er opne for booking er òg lagt inn på same måte.

- mindre korrigeringar av enkelte føresegner; ikkje innhaldsmessig, men retting av feil eller endra plassering.

- liste over reguleringsplanar som framleis skal gjelde, sjå kap 7.8. I lista er dei reguleringsplanar ein foreslår å planvaske ut markert, gjeld 32 planar. Dette er samordna med plankartet: skravur «gjeldande reguleringsplanar» (ps: her skal det gjerast ei lita korrigering av nokre få delområde i Hjelmeland sentrum som er overstyrt av kommuneplanen, og der skravuren skal fjernast i plankartet, framgår av tabell 7.8.

- «rydda» i plankartet, planteknisk karakter

- «rydda» i førresegner; flytta plassering og/eller retta feil.

- korrigert avgrensinga for den del som utgår av planområdet, dvs Melsøyrane-Svadbergområdet, dvs utvida avgrensinga litt vestover slik at ein får med alternative RV-13-tunnel-alternativ: sjå skisse under:



Kartskissa viser areal Svadberg – Melsøyrande i Årdal med tilhøyrande areal for alternative tunneltrasear. Arealet utgår av denne kommuneplanen, og ein tilrår at det blir utarbeidd eigen kommunedelplan for dette arealet.

Lovar, føresegner, rundskriv

Plan og bygningslova kap 11, sjå meir forklaring i førre sak.

Økonomiske konsekvensar

I førre sak er det forklart kva planforslaget vil innebere av økonomiske konsekvensar for kommunen i form å påfølgjande planutarbeiding (ny kommunedelplan og fleire reguleringsplanar). Ein del av dei innlagde g/s-vegane vil krevje eigne reguleringsplanar, men desse er langs riks-og fylkesvegar, og må samordnast med overordna myndigheiter. Dei suppleringane som nå er gjort i planforslaget vil ikkje medføre ytterlegare meir planlegging for kommunen, og såleis ikkje ytterlegare kostnader.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Det er gjeldande **Kommuneplanen sin arealdel vedtatt i 2019** som nå er under revisjon.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Dette er relevant vurderingsmoment i kommuneplanen sin arealdel. Denne vurderinga går fram av kvart enkelt utbyggingsområde ein tilrår å ta inn i planen, og ligg i dei enkelte temanotat med konskevensutgreiing og risikovurdering (KU/ROS)

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Som for punkt over; framgår av KU/ROS for kvart enkelt utbyggingsområde.

Vurdering av universell utforming

Som for punkt over; framgår av KU/ROS for kvart enkelt utbyggingsområde.

Innkomne uttalar

Det er ikkje kome fleire innspel enn det som òg var med i første sak.
Sjå vedlagd tabell/liste over alle innkomne innspel
+ link til nettside der alle innspel er kartfesta og ligg i sin originalform

Vurdering og konklusjon

Ein viser til dei vurderingane som er gjort for det enkelte tema/formål i dei vedlagde temanotata, samt oversikten over.

Denne supplerande delen legg ikkje opp til vesentleg store endringar ut over det som blei lagt fram i første del av plansaka. Endringar og tillegg går òg fram av lista over , og det er ikkje gjort vurderingar ut over det som framgår av **vedlagde notat**, og den planvasken som er gjort der + forklaringar til kvar enkelt tema i **planskildringa**.

Denne andre del av planframlegget er likevel ein viktig del av det samla planframlegget, ikkje minst å få planen supplert med omsynssonene, då desse gir viktige premisser for

utvikling av dei enkelte områda, og gir føringar for korleis eventuelle utbyggingar kan skje og kva omsyn som er viktig å imøtekome.